


Utdannings- og forskningsdepartementet
Postboks 8119
Dep
0032 OSLO

Vereide 31.01.06



Uttale i samband med høyring forskrift til folkehøgskulelova

Generelt ser vi på dei nye forskriftene som ei innskrenkning av skuleslaget sine muligheter til å drive med kortkurs. Dette opplever vi som svært uheldig. Det er viktig for eit sårbart skuleslag, som folkehøgskulane er, å kunne ha fleire bein å stå på og vi trur at innskrenkningane som er foreslått vil føre til at skulane i mindre grad enn i dag vil kunne bidra til kompetanseutvikling i nærmiljøet.

Nokre kommentarar til dei enkelte paragrafane i høyringsutkastet:

§ 3. Kunngjering av kurs

Det bør vere mogeleg å arrangere kurs for bestemte grupper

§ 4. Kursordninga

Å gjennomføre kurs med reising som ein del av opplegget der både før og etterarbeid skal vere på eigen skule vil føre til kraftige begrensningar på reisekurs. Ein bør kunne gjennomføre kurs der delar av opplegget skal vere på eigen skule.

Det er uheldig at prosentdelen med eigne lærarar er auka til 50%. Vi ynskjer samme prosentsats som i den forrige forskrift 35%. Dette gjev oss større mulighet til å spisse enkelte opplegg ved at vi kan hente inn ekstern kompetanse

§ 7. Rapportering av elevtal

Å ha to datoar for rapportering av langkurs vil kunne slå svært uheldig ut. Dersom elevar sluttar i løpet av året så er det uansett store tapte inntekter. Med denne ordninga vil dette kunne slå endå meir uheldig ut.

Det går større ressursar med for å få ein årselev gjennom kortkurs enn gjennom langkurs. Ein bør difor bruke gjeldande tabell ved omrekning til årselevar.

§ 8. Elevar som tel dobbelt ved berekning av tilskot

Når det føreligg solid dokumentasjon på eleven sitt funksjonstap så må det vere opptil skulen å vurdere om eleven treng ekstra støttetiltak. Det er skulen som her er sakkunnig innstans. Dette må gjerne gjerast i samarbeid med ekstern innstans, men at eksterne **skal** inn og vurdere kva behov eleven har her hjå oss er byråkratisk og etter vårt syn unødvendig.

Ein må på spesielle kurs for funksjonshemma kunne gje alle deltakarane dobbeltteljing

§ 9. Tilskotsmodell

Vi ynskjer å beholde den gamle tilskotsmodellen.

Med von om forskrifter som kan gje gode rammer for skuleslaget i mange år framover

Helsing Nordfjord folkehøgskule


Hallgeir Hansen
rektor